

# Høyringsutkast til

## Forskrift om politivedtekt -

## Ullensvang kommune, Vestland fylke

Fastsett av Ullensvang kommunestyre (dd.mm.år) med heimel i lov 4. august 1995 nr. 53 om politiet (politiloven) § 14 fyrste ledd.

### Kapittel 1. Allmenne føresegner

#### § 1-1 Offentleg stad

Med offentlig stad er det meint gate, veg, fortau, sti, medrekna gang- og sykkelveg, park, torg e.l., plass, bru, bryggje, kai, strand, anlegg eller anna stad der det er allmenn ferdsel eller som er bestemt for allmenn ferdsle.

#### § 1-2. Ansvar og plikter for festar, brukar, leigar eller styrar av hus eller grunn

Dei plikter som er lagt på eigar av hus eller grunn, kviler også på den som festar, brukar, leigar eller styrer eigendomen.

### Kapittel 2. Orden på offentlig stad

#### § 2-1. Ro og orden på offentlig stad

På eller like attmed ein offentlig stad må ingen vere med i samanstimling, larm eller bråk som uroar den allmenne orden eller ferdsel.

Den som ferdist på eller like attmed offentlig stad pliktar å halde nattero mellom kl. 23.00 og 06.00.

Dersom mange menneske samlar seg ved inngangen til forsamlingslokale, sports plass, utsalsstad, haldeplass e.l., skal dei stå i kø og elles rette seg etter dei pålegg som politiet eller arrangøren gjev for å halde ved lag den allmenne orden eller regulere ferdsla

## § 2-2. Køyring, camping mv i parkar, grøntareal, friområde o.l.

I offentlege parkar, grøntareal, friområde, på, ved eller under vegar eller plassar i tettbygd strøk er telting, camping e.l. forbode, med mindre anna kjem fram av skiltinga på staden.

I offentlege parkar, grøntareal og friområde er det forbode å køyre og parkere motorkøyretøy, med mindre noko anna går fram av skiltinga på staden.

## § 2-3. Framvising og andre publikumsretta aktivitetar

Den som på eller ut mot offentlig stad vil opptre eller utføre andre publikumsretta aktivitetar, må på førehand gje melding til politiet, uavhengig av om aktivitetane skjer ved bruk av høgtalar o.l.

Det same gjeld den som på eller i nærleiken av offentlig stad ynskjer å bruke gåande, køyrande eller flygande reklame

## § 2-4. Tigging

Tigging på offentlig stad eller frå hus til hus, kan berre skje etter at det først er sendt melding til politiet som kan setja vilkår om tid og stad for tigginga.

## § 2-5. Farleg eller skremmande åtferd

På, ut over eller like attmed offentlig stad er det forbode:

1. å skyte med gevær eller anna skytevåpen, under dette paintball, softgun, boge, sprettert o.l.
2. å brenne av krut, fyrverkeri eller eksplosive stoff utan at politiet har gjeve løyve. Det er ikkje eit slikt krav om løyve for godkjent fyrverkeri som skal nyttast i tidsrommet 31. desember kl. 18.00 til 1. januar kl. 02.00.
3. å kaste eller sleppe stein, snøball eller anna som kan vere til skade eller ulempe for dei som ferdast der

## Kapittel 3. Sikring av ferdsla

### § 3-1. Hindringar

På eller ut over offentleg stad er det forbode å plassere eller montere noko som kan vere til hinder eller ulempe for ferdsla eller som hindrar fri sikt til trafikkskilt o.l.

Markiser eller anna som henger utover fortau, skal på det lågaste vere minst 2,5 meter over bakken

### § 3-2. Dyr

Det er forbode å la husdyr gå laus på eller ved offentleg stad utan forsvarleg tilsyn.

### § 3-3. Aktivitetar

Politiet kan forby ei kvar form for sport, leik eller spel på bestemt offentleg stad når dette er påkravd av omsyn til ferdsla eller den alminnelege orden

### § 3-4. Ferdsel på islagt vatn eller sjø

Politiet kan av tryggleiksgrunnar forby eller gje regulerande føresegner for ferdsla på islagt vatn eller sjø.

### § 3-5. Sperring på offentleg stad

Krev byggjearbeid e.l. at fortau, gate, veg eller et anna offentleg stad blir heilt eller delvis sperra for eit avgrensa tidsrom, lyt ein på førehand søkje løyve frå politiet, som kan sette nærare vilkår

### § 3-6. Byggjeverksemd mv.

Reising, riving eller reparasjon av bygning, graving eller anna arbeid på eller ut mot offentleg stad der det kan bli fare for ferdsla, skal på førehand meldast til politiet. Politiet kan fastsette korleis arbeidsstaden skal sperrast og krevje andre tryggleikstiltak til vern for publikum

### § 3-7. Sprengingsarbeid

Sprenging på eller like attmed offentleg stad skal på førehand meldast til politiet, som kan påby særlege tryggleikstiltak

## § 3-8. Vedlikehald av bygning mv.

Ved vedlikehald av bygningar mv. på eller ut mot offentleg stad pliktar den ansvarlege for arbeidet med ein gong å sette opp sperring som gjer det tydeleg at det er farleg eller til ulempe å ferdast der.

## § 3-9. Fare for ras frå tak

Når det er fare for at snø eller is kan falle ned frå hustak mot offentleg stad, skal eigaren straks sette opp sperring som gjer det tydeleg at ferdsla er forbunde med fare eller ulempe, og snarast syte for at taket blir rydda.

## § 3-10. Fjerning av sperringar

Sperringar, skilt og liknande innretningar blir fjerna når det arbeid som er nemnt i § 3-6, § 3-7 og § 3-8 er utført, eller faren eller ulempa som er nemnt i § 3-9 ikkje lenger er til stades

# Kapittel 4. Reinhald på offentleg stad

## § 4-1. Reingjering av lys- og luftegraver

Eigar av hus eller grunn mot offentleg stad pliktar å sørge for reingjering av lys- og luftegraver som er i direkte nærleik til eigedomen.

Reinhaldet skal gjerast slik at det blir til minst mogleg ulempe.

Kloakksluk må ved reinhald ikkje tilførast oppsop e.l.

## § 4-2. Rydding av snø etter ras frå tak

Eigar av hus eller grunn mot offentleg stad pliktar etter ras frå tak å rydde fortauet utanfor eigedomen for snø og is

## § 4-3. Avlaup for vatn

Eigar av hus eller grunn mot offentleg stad skal sørge for at avlaup for vatn i fortau, rennestein, grøft e.l. blir haldt open

## § 4-4. Plikta eigaren har i samsvar med lokalt etablert sedvane til reinhald m.m av fortau (må gå ut i frå lokal sedvane)

Eigar av hus eller grunn, jf. § 1-2, mot offentlig stad pliktar å:

1. sørge for reinhald av fortau og rennestein  
Gjeld innanfor områda Egne Hjem – Freimsanden og dei tidlegare bygningskommunane Odda og Tyssedal. Sjå kartvedlegg for område definert innanfor bygningskommune.
2. rydde fortauet for snø etter snøfall  
Gjeld innanfor områdene Egne Hjem – Freimsanden og dei tidlegare bygningskommunane Odda og Tyssedal. Sjå kartvedlegg for område definert innanfor bygningskommune.
3. strø fortau når det er glatt

Føresegna gjeld berre fortau i umiddelbar nærleik til eigedomen”

## Kapittel 5. Hindre forsøpling og tilgrising

### § 5-1. Hindre forsøpling og tilgrising

På eller i direkte nærleik til offentlig stad er det forbode:

1. å kaste avfall, under dette glas, flasker, spikar, papir, tyggjegummi og tobakksprodukt
2. å grise til med måling, tusj, sprayprodukt e.l. på overflate mot offentlig stad, under dette på eller ved bygning, gate, veg, park, anlegg, innretningar og transportmiddel
3. å henge opp kunngjeringar, plakatar e.l., utan tillating frå politiet. Dette gjeld ikkje oppslag på tavler e.l. som er godkjent av kommunen til slikt bruk, eller oppslag på eigedom om forhold som berre vedkjem eigedomen eller næringsverksemd til dei som disponerer eigedomen.

Det er forbode å rive, skade eller skjemme oppslag som er lovleg sett opp.

Oppslag skal fjernast når dei er forelda.

4. å etterlate avføring og å urinere utandørs i tettbebygd strog eller på stader der det kan verke sjenerande på andre

## § 5-2. Rydding ved kiosksal, arrangement o.l.

Den som driv med sal frå kiosk, uteservering, gatesal eller anna liknande næringsverksemd på eller ut mot offentleg stad, skal sørge for at området ikkje blir skjemt eller skitna til av verksemda, og pliktar å sørge for at det blir satt opp tilstrekkeleg tal med korgar for avfall. Rett etter stenetid pliktar verksemda å rydde området og fjerne avfall som skuldast aktivitetar frå verksemda.

Den som arrangerer tilstelling på offentleg stad, skal sørge for at papir og anna avfall blir fjerna etter arrangementet

## Kapittel 6. Offentlege anlegg

### § 6-1. Kyrkjegard og gravplass

På kyrkjegard og gravplass er det forbode å sykle, ake, drive sport, leik eller anna som ikkje sømer seg der.

Det er forbode å trengje seg inn på kyrkjegard når den er stengt for besøk.

## Kapittel 7. Arrangement på offentleg stad

### § 7-1. Søknadsplikt for arrangement på offentleg stad

Den som på offentleg stad vil lage til arrangement som hovudsakleg er av underhaldande, kunstnarisk, selskapeleg eller kommersielt slag, òg som har ein storleik som vil føre til behov for omfattande reguleringar av ferdsla eller vakthald, må søkje om dette innan ein frist som politiet set.

[Politiлова § 11](#) gjeld tilsvarande

### § 7-2. Meldeplikt for allment tilgjengelege arrangement

Den som vil halde eit arrangement som er allment tilgjengeleg, må i god tid forut for arrangementet sende melding til politiet, når arrangementet sin art eller storleik gjer det sannsynleg at politioppsyn blir naudsynt av omsyn til ro og orden eller avvikling av trafikken. Dette gjeld også når arrangementet ikkje skjer på offentleg stad.

Meldeplikta gjeld òg samankomst eller tilstelling som hovudsakleg er av selskapeleg eller underhaldande art for medlem av ei foreining e.l. samanslutning.

[Politiлова § 11](#) gjeld tilsvarande

## § 7-3. Offentleg arrangement som barn har tilgang til

Barn under 15 år har ikkje tilgjenge til offentleg dans eller liknande allment tilgjengeleg tilstelling utan at dei er saman med foreldre eller andre føresette

Politiet kan gje dispensasjon ved tilstellingar som arrangeras spesielt for barn og unge under 18 år.

## Kapittel 8. Pantelånarverksemd

### § 8-1. Pantelånarverksemd

Den som har fått løyve til å drive pantelånarverksemd skal føre protokoll, autorisert av politiet, over alle lån og kjøp. Politiet kan setja nærare vilkår for verksemda

## Kapittel 9. Ymse føresegner

### § 9-1 Forsøming av plikt

Forsømer nokon å utføre det vedkomande har plikt til etter vedtektene eller etter pålegg gjeve med heimel i denne, kan politiet la det bli utført på vedkomande sin kostnad

### § 9-2 Straff

Brot på føresegner gjevne i vedtekta eller pålegg gitt i medhald av vedtekta, blir straffa etter [politiлова § 30](#) nr. 4, om ikkje tilhøvet kjem inn under eit strengare straffepåbod

### § 9-3. Kommunal handheving

Kommunen kan handheve følgjande føresegner tatt inn i normalpolitivedtekta:

§ 3-1 Hindringar (kommunal handheving etter denne paragraf er avgrensa til gjenstandar e.l. på eller utover fortau.

§ 3-9 Fare for ras frå tak

§ 3-10 Fjerning av sperrer når arbeidet er ferdig/faren er over

§ 4-1 Reingjering av lys- og luftegraver

§ 4-2 Rydding av snø etter ras frå tak

§ 4-3 Avlaup for vatn

§ 4-4 Plikta eigaren har til reinhald m.m. av fortau (må gå ut frå lokal sedvane)

§ 5-1 Hindre forsøpling og tilgrising

§ 5-2 Rydding ved kiosksal, arrangement o.l.

Kan handhevas av Ullensvang kommune med heimel i [forskrift av 19. juni 2012 nr. 600](#) om kommunal handheving av politivedtekter, jf. [politilova § 14](#) tredje ledd. Ullensvang kommune kan ved brot på desse føresegnene også illegga gebyr for brotet.

## § 9-4 Iverksetjing

Denne vedtekt trer i kraft 1 månad etter at den er stadfesta av Politidirektoratet.

Frå same tid opphevast

forskrift av 31. mars 2011 nr. 333 om politivedtekt for Odda kommune, Vestland,

forskrift av 27. august 1997 nr. 980 om politivedtekt for Ullensvang herad, Vestland, og

forskrift av 03. juli 2012 nr. 674 om politivedtekt for Jondal kommune, Vestland.